

ÅRSMELDING 2004

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



Innhald

Visjon og mål	2
Konsernsjefen har ordet	3
Organisasjon og selskapsstruktur	4
Dotterselskapa i konsernet	6
Styret si melding	8
Resultatrekneskap	15
Balanse	16
Kontantstraumanalyse	18
Rekneskapsprinsipp	19
Notar til rekneskapen	20
Revisjonsmelding	36
Nøkkeltal	37
Verdirekneskap	39

Styremedlemar i SFE-konsernet

SFE KONSERNSTYRET

Arvid Lillehaug

leiar

Birger C. Schönberg

nestleiar

Mathias Råheim

Per Atle Kjøllesdal

Kristin Linnerud

Bente Frøyen Steindal

Odd Eide

repr. for tilsette

Vidar Solvang

repr. for tilsette

Oddmund Årdal

repr. for tilsette

SFE PRODUKSJON AS

Ole Schanke Eikum

leiar

Ingolf Aagård

nestleiar

Dag Smedbold

Mons Solheim

repr. for tilsette

SFE NATURGASS AS

Ingolf Aagård

leiar

Aksel Skjervheim

nestleiar

Dag Lilletvedt

Endre Fjellestad

Martin Holvik

FIRDAKRAFT AS

Ingolf Aagård

leiar

Martin Holvik

nestleiar

Jan Inge Erdal

SFE KRAFT AS

Ole Schanke Eikum

leiar

Ingolf Aagård

nestleiar

Hans Gunnar Nåvik

Torill Vasbotten Høyvik

repr. for tilsette

SFE NETT AS

Ole Schanke Eikum

leiar

Ingolf Aagård

nestleiar

Svein Ivar Morsund

Magnar Storøy

repr. for tilsette

SFE – eit framtidsretta energikonsern

Visjonen inneheld tre viktige identitetsdrivarar

SFE skal vere framtidsretta

SFE skal ha evne og vilje til å vere nyskapande og endre oss i takt med krav og forventingar frå eigarar og kundar. Vi skal følgje generelle utviklingstrekk i samfunnet – frå å utvikle dei rette produkt og tenester til å prioritere omsynet til natur og miljø. Gjennom målretta personal- og organisasjonsutvikling skal vi få det beste ut av dei tilsette og ressursane i konsernet.

SFE skal vere eit energikonsern

I tillegg til kjerneverksemdene kraftproduksjon, kraftdistribusjon og kraftomsetnad skal SFE ha fokus på vidareutvikling av lønsam energiproduksjon frå fornybare kjelder som småkraft, vindkraft og bølgekraft, og samtidig vurdere alternativ energiproduksjon frå kjelder som gass, biomasse og fjordvarme. Vi skal sjå på ei betre utnytting av eksisterande anlegg og ressursar knytt til produksjon og infrastruktur, og synergiar dette kan ha mot andre typar infrastruktur og produkt som breibandnett, lokale gassrørnett og alarm- og vektartenester. Vi skal også søkje å byggje alliansar og utvikle samarbeid både innan og på tvers av vår eigen bransje.

SFE i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane skal vere vår arena. Det er her vi har bygd opp vår verksemd, kunnskap og røynsle. Vi har dei beste føresetnadene for å sikre ei bærekraftig utvikling av lokalsamfunna i forhold til den rike tilgangen på ressursar frå vår storslagne, men vare natur:

- *Fjell, fjellvatn, brear og nedbør – vasskraft.*
- *Hav, kyst og vind – bølgekraft og vindkraft.*
- *Nordsjøen – olje og gass i eit spanande samvirke mellom energi og industri.*
- *Fjordane våre – enorme varmemagasin som så langt berre i mindre grad er nytta.*

I alle desse samanhengane skal SFE ha ei aktiv og viktig rolle som den leiande lokale aktøren i fylket.



Konsernsjefen har ordet

Det eldste kraftverket i SFE er Ebebøfossen som vart sett i drift i 1910, og kraftverket gav den gongen forsyning til ei mølle og ein shoddyfabrikk på Sandane. Sidan den tid har SFE arbeidd både strategisk og praktisk for å skaffe meir energi, og i dag har SFE om lag 1,1% av den norske elektrisitetsproduksjonen. Det vert opplevd som eit paradoks at ein i desse dagar må endre fokus frå vidare kraftutbygging til å sikre fortsatt eigarskap av den kraftproduksjonen fleire generasjonar SFE'arar har bygd opp gjennom nesten 100 år. Det er sjølv sagt heimfallsordninga vi snakkar om, og dei endringane som no vert skissert.

Det er mykje positivt å seie om heimfallsordninga som vart innført tidleg av norsk energiforsyning si historie. Saman med 85% offentleg eigarskap i energiforsyninga har den sikra offentleg kontroll og styring med ein viktige nasjonal ressurs. Heimfallsordning er også ein viktig del av rammevilkåra for næringa. Endringar i heimfallsordninga må derfor både ta omsyn til nasjonale behov for kontroll med ressursane, men også ei næring sine behov for stabile og trygge rammevilkår. For næringa er det viktig at aktualiserte endringar vert avklart, men ein må nytte den tida som trengst for å få til ei eventuell ny heimfallsordning som vert god for både nasjonen og næringa. SFE er i dag ein stor og viktig arbeidsplass i fylket, og ein vesentleg del av aktiviteten og verdiskapinga vår er knytt til kraftproduksjon. Dersom SFE i framtida fortsatt skal vere kraftfull, slik vi seier det i slagordet vårt, kan ikkje den framtidige heimfallsordninga bli slik at SFE og våre offentlege eigarar står «ribba» attende utan kraftproduksjon.

Energiforsyning er ein viktig del av det moderne samfunnet, og den teknologiske utviklinga gjer oss stadig meir sårbare for svikt i straumforsyninga. Det er derfor både rett og rimeleg at myndighetene overvakar og følgjer opp leveringskvaliteten innan monopolverksemda. SFE har dei 2 siste åra investert 110 mill. kroner i nytt og forsterka kraftnett i fylket. I 2004 vart den såkalla 132kV Indre ring fullført, ein svært viktig forsterking av hovudnettet gjennom fylket og for leveringstryggleiken i området vårt.



Kraftnettet ser ut til å stå ovanfor mange utfordringar dei kommande åra. Busetnadsmønsteret er under sterkt press, der tendensen og dels politikken går i retning av færre personar i distrikta og fleire i bygdebyane og kommunesentra. Einskilde stader er det berre fritidsbustader att i distrikta. Dette gjev utfordringar innan både investeringar og leveringskvalitet. På den andre sida ser vi at framveksten av småkraftproduksjon i distrikta er av stort omfang, og dette set auka krav til overføringskapasitet på kraftnettet. Sogn og Fjordane er det fylket som har størst potensiale innan småkraftproduksjon og utsiktene til såkalla grøne sertifikat ser ut til å utløyse betydelege mengder.

Energibransjen har lenge hatt eit dårleg omdømme, og det ser ut til å vere ein sterk samanheng med høg kraftpris/nettleige. Omlag halvparten av nettleiga som SFE krev inn er offentlege avgifter, og eg kjenner ikkje til nokon daglegdags «vare» som har så høg andel offentlege avgifter. Både bransjen og SFE har fokus på omdømme og vi tek denne utfordringa på alvor. God kundeservice og god leveringskvalitet er viktig for oss. Vi prøver også å gje presis og forståeleg informasjon om kraftprisen og nettleiga til våre kundar, men innser at dette ikkje er lett. Dei lokale røtene som SFE har i distriktet vårt, gjer at vi betre enn andre kan kommunisere med våre kundar og forstå utfordringane i vårt forsyningsområde. Det er viktig at omdømmet vårt vert betra for at vi skal lukkast med vår visjon: SFE eit framtidsretta energikonsern i Sogn og Fjordane.

Ole Schanke Eikum

– konsernsjef –

KONSERNSTYRET

Framme frå venstre:

Arvid Lillehaug, Birger C. Schönberg, Oddmund Årdal, Vidar Solvang.

Bak frå venstre:

Konsernsjef Ole Schanke Eikum, Mathias Råheim, Per Atle Kjøllesdal, Kristin Linnerud, Bente Frøyen Steindal, Odd Eide.

Konsernleiinga



Konsernsjef
Ole Schanke Eikum



Økonomidirektør
Ingolf Aagård



Produksjonsdirektør
Ola Lingaas




Nettdirektør
Asgeir Aase

Konstituert kraftdirektør
Ole Schanke Eikum

Anne Kristin Hjelle Jordal
er ny kraftdirektør
frå 1.8.2005

Organisasjon og selskapsstruktur



Eigarsamansetninga i konsernet

Sogn og Fj. fylkeskommune ...	47,76%	Askvoll kommune	1,50%
BKK	38,51%	Selje kommune	1,45%
Flora kommune	4,71%	Eid kommune	0,15%
Gloppen kommune	3,33%	Naustdal kommune	0,08%
Bremanger kommune	2,51%		

SFE-konsernet

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er organisert som eit konsern med eit morselskap og med 3 heileigde dotterselskap som er inndelt etter aktivitet og forretningsområde; SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS og SFE Nett AS. Morselskapet, SFE Kraft og SFE Produksjon har forretningsadresse i Gloppen kommune, medan SFE Nett er lokalisert i Flora kommune.

SFE driv produksjon, overføring og omsetnad av elektrisk energi.

SFE Nett eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE si breibandsatsing er gjennom selskapet Eninvest med ein eigarskap på 42%.

SFE Naturgass vart stifta i 2003 og er eigd av SFE med 60 % og Gasnor med 40%. Selskapet har bygd ut regionanlegg for mottak av naturgass (LNG) i Florø og planlegg eit mottaksanlegg i Høyanger. Selskapet har ansvar for distribusjon og sal av naturgass i Sogn og Fjordane fylke.

Konsernet tilbyr også Enøk-tenester i samarbeid med selskapet Vestnorsk Enøk, der SFE har ein eigarskap på 11%.

Konsernet er den største energileverandøren med lokalt eigarskap i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet.

2004 – eit merkeår i Ålfoten

Fusjonane mellom Firdakraft og SFE i år 2000 og med YFK i 2003 har skapt grunnlaget for å utvikle kraftproduksjonen i Ålfoten-området. 2004 var på mange måter ein milepel i eit målretta arbeid for å få iverksett nye driftsformer, auka effektivitet og betre utnytting av produksjonspotensialet.

SFE har ein middelproduksjon på 680 GWh/år i Ålfoten. Øksnelvane kraftverk kom på lufta i desember 1953, og har vore drifta som eit veglaust anlegg ved hjelp av båttransport og helikopter. For å leggje til rette for effektiv drift av Øksnelvane og Åskåra kraftverk (i drift 1970/1973) vart det bygd veg mellom anlegga med ei investering på vel 25 mill. kr. I august 2004 vart vegen opna og dette vart markert saman med 50 års jubileumet for Øksnelvane. Inviterte gjester fekk servering i maskinsalen til eit stemningsfylt arrangement med mange kulturelle innslag. Ein fekk med seg historiske røter og vår lokale forankring gjennom deltaking av anleggsfolk og driftspersonell knytt til kraftverket på 50-talet.

Ved etablering av vegen vart dei to kraftverka slått saman til eit driftsområde. Vaktordningane som hadde gått sidan kraftverka vart oppstarta, kunne avviklast og er erstatta av utkalling ved feil. Dette fører til mykje større fleksibilitet og effektivitet i drift og vedlikehald av anlegga. Det gjev også grunnlag for kompetanseheving og spesialisering for tilsette, og nye og interessante utfordringar i kvardagen, men også eit breiare sosialt arbeidsfellesskap. Driftsopplegget er endra med mindre vekt på hyppige tilsynsrunder og meir vekt på vedlikehald retta mot tilstand og viktige anleggskomponentar.

Med 50 og 30 års alder på anlegga er det viktig å syte for godt vedlikehald og rehabilitering. Det har skjedd mykje m.o.t. revisjon og fornying av anlegga dei siste 10 åra. I 2004 var det største prosjektet ombygging av nåler og innsetting av nytt løpehjul i Åskåra 1; – SFE Produksjon sitt største aggregat. Prosjektet har gjeve større slukevne, betre verknadsgrad og effektauke frå 80 til 90 MW for Åskåra 1. Systematisk fokus på LIP (læring i prosjekt) og stor grad av eigeninnsats gjev auka erfaring og kompetanse for eige mannskap.

Lyden av sprengsalver stogga ikkje i 2004. No er det lyden av anleggsarbeid på ny veg til fjells i Øksnelvane som kan høyrast. Vi har løyve til å byggje Bjørndalen og Dauremål kraftverk som vil utnytte fall mellom eksisterande magasin. Dette er miljøvenlege prosjekt som vil gje 40 GWh ny års-produksjon. Anbudsprisar vert innhenta og det vert oppstart på nye kraftverk på ettersommaren 2005.

Med dei store omleggingane som er gjennomført og ny aktivitet på gang, har vi fått ein god start ved inngangen til eit nytt årtusen!



SFE Nett

den leiande leverandør og entreprenør av elkraft- og teleinfrastruktur i Sogn og Fjordane

SFE Nett er infrastrukturselskapet i konsernet, og selskapet står for overføring av den elektriske energien mellom kraftprodusentane og sluttkundane. Selskapet drifter og bygg ut både sentralnettet og regionalnettet i regionen, høgspenst og lågspenst-distribusjonsnett i 7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord.

SFE Nett transporterar 600 millionar kWh til 21.800 nettkundar i desse 7 kommunane. Den samla utstrekninga på nettet er 3.500 km, og tilsvarar 7 gonger avstanden Trondheim–Oslo.

SFE Nett eig og bygg ut breibandinfrastrukturen i regionen. Infrastrukturen knyt saman dei største bygdene og byane i Sunnfjord og Nordfjord og utgjør dessutan ein del av energiforsyninga sitt nasjonale breibandnett. SFE Nett leiger ut infrastrukturen til breibandoperatørane BaneTele og Eninvest.

SFE Nett utfører og har entreprenørarbeid som satsingsområde innan kraftnett, veg/tunnelbelysning og tele-anlegg.

Selskapet tilbyr bustadalarm for saman med kunden skape tryggleik for familie, bustad og verdiar. SFE har døgnbemanna driftssentral som saman med montørstyrken, som er utdanna vektarar, er tilgjengeleg 24 timar i døgnet.

SFE Nett har ein omsetnad på 205 mill. kroner og har 98 tilsette. Direktør i SFE Nett er Asgeir Aase.

SFE Produksjon

ein effektiv kraftverksentreprenør i Sogn og Fjordane

I SFE Produksjon føregår all teknisk aktivitet knytt til kraftproduksjon i konsernet. Selskapet står for teknisk drift og vedlikehald av konsernet sine 10 kraftstasjonar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, og 3 kraftstasjonar leigd av Gloppen kommune. SFE Produksjon har 35% medeigardel i Leirdøla kraftverk. I tillegg tilbyr SFE Produksjon tekniske driftstenester til eigarar av småkraftverk i regionen.

Alle kraftstasjonane i SFE Produksjon er basert på rein fornybar energi, og mange av stasjonane er også sertifisert som «grøn energi». Total produksjon i kraftstasjonane i selskapet er på 1.300 millionar kWh, det utgjør om lag 1% av normalforbruket i Noreg.

SFE Produksjon har også eit utbyggingsmiljø som står for planlegging og utføring av rehabiliteringsprosjekta i våre vasskraftanlegg. Utbyggingsmiljøet driv også planlegging av våre eigne nye utbyggingsprosjekt innan vasskraft og vindkraft. SFE Produksjon leverer også planleggingstenester til grunneigarar som ønskjer å bygge ut småkraftverk.

SFE Produksjon har ein omsetnad på 207 mill. kroner og har 33 tilsette.

Direktør i SFE Produksjon er Ola Lingaas.

SFE Kraft

eit kompetansesenter innan produksjonsplanlegging og kraftomsetting

SFE Kraft omset både konsernet sin eigen kraftproduksjonen, Sogn og Fjordane fylkeskommune si konsesjonskraft og kraftproduksjon frå andre selskap/småkraftverk. Totalt omset SFE Kraft 1.700 mill. kWh.

SFE Kraft sel også kraft til sluttbrukarar, både mot private kundar og næringskundar. Totalt leverer SFE Kraft 790 mill. kWh til om lag 23.000 kraftkundar.

SFE Kraft har ein omsetnad på 315 mill. kroner og har 26 tilsette.

Konstituert direktør i SFE Kraft er konsernsjef Ole Schanke Eikum.

Anne Kristin Hjelle Jordal er tilsett som direktør frå 01.08.05

SFE Naturgass

Selskapet SFE Naturgass vart stifta 3. oktober 2003, og er eit dotterselskap i SFE-konsernet. Selskapet er eigd av SFE (60%) og Gasnor (40%).

SFE Naturgass driv marknadsføring, omsetnad og distribusjon av naturgass til kundar i Sogn og Fjordane.

SFE Naturgass har berre dagleg leiar som fast tilsett, selskapet kjøper tenester innan økonomi, teknisk drift og marknad frå SFE, Gasnor og Vestnorsk Enøk.

Dagleg leiar i SFE Naturgass er Asle Svein Grotle.

SFE Nett		Beløp i 1000 kr	
Hovudtal	2004	2003	
Driftsinntekter	205.298	191.435	
Driftsresultat	48.929	38.464	
Resultat før skatt	37.507	20.018	
Totalkapital	782.010	767.508	
Antal årsverk 31.12.	98	98	
Levert energi i GWh			
Regionalnett/ Distribusjonsnett	558	557	

SFE Produksjon		Beløp i 1000 kr	
Hovudtal	2004	2003	
Driftsinntekter	207.354	208.809	
Driftsresultat	103.796	116.654	
Resultat før skatt	82.346	84.702	
Totalkapital	1.374.162	1.400.581	
Antal årsverk 31.12.	33	34	
Produksjon i GWh (inkl. Firdakraft)	1348	1.279	

SFE Kraft		Beløp i 1000 kr	
Hovudtal	2004	2003	
Driftsinntekter	315.090	331.928	
Driftsresultat	22.502	8.754	
Resultat før skatt	27.867	15.911	
Totalkapital	361.781	314.805	
Antal årsverk 31.12.	26	24	

SFE Naturgass		Beløp i 1000 kr	
Hovudtal	2004	2003	
Driftsinntekter	715	-	
Driftsresultat	+808	+239	
Resultat før skatt	+1.092	+221	
Totalkapital	18.284	19.996	

Vindkraft – framtidens energi

Med lang kyst, store areal og vind i rikt monn, har Sogn og Fjordane bortimot verdas beste forhold for utnytting av vindressursen. Vindkraft er ein rein og fornybar energikjelde og høver svært godt som partner til vasskraftproduksjon. Vindkraft er ein moden teknologi, med kort byggetid, sikker drift og oversiktleg kostnad. Kostnadane har gått ned fra 100 øre/kWh til 25–35 øre/kWh i løpet av 25 år.

EU og nasjonale myndigheter har som mål å auke tilgangen på ny fornybar energi, og vindkraft er tenkt å spele ei vesentleg rolle. I Norge er det ikkje muleg å bygge ut lønsam vindkraft utan gunstige rammevilkår, myndighetene har derfor under arbeid eit lovforslag om innføring av eit marknadstiltak kalla «el-sertifikat». Dette vert ei ordning som skal gjelde for Noreg og Sverige og er venta iverksett i løpet av 2007.

Når det gjeld vindkraftsatsing på Vestlandet, er svært få av tiltakshaverne lokalt forankra, SFE er ein lokale aktør med ein strategi for vindkraftsatsing i Sogn og Fjordane. SFE ønsker å bidra til utnytting av ein lokal ressurs, der lokalt samarbeid syter for at verdiskapinga blir att i vårt fylke.

SFE ønskjer å være ein viktig og dominerande aktør i utbygging og drift av ny fornybar energi og har nedfelt i strategiplanen at vi i løpet av 2006 skal vere i posisjon til vindkraftutbygging.

Som ein lekk i denne strategien har SFE meldt bygging av ein vindpark i området Okla-Kyrnosa på Stadlandet i Selje kommune. Området er valt pga høg årsmiddelvind, avstand til busetnad, og at ein ikkje kjem i konflikt med verneområde eller kjende kulturminner. I tillegg er det nær tilgang på djupvasskai. Vindparken vil koste 250 – 300 mill. kr og i eit normal år produsere 110 GWh/år.

Mesteparten av energiforbruket i Selje kommune kan dekast av vindkraftverket. Gjennom konstruktiv dialog med grunneigarar og Selje kommune, har planene møtt stor lokal velvilje. For tida arbeider NVE med å utforme program for konsekvensutgreiing. Så snart dette er fastlagt, vil SFE starte arbeidet som skal føre fram til ein konsekvenssoknad.



Styret si melding for 2004

Verksemda

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er organisert som eit konsern med eit morselskap og med 3 heileigde dotterselskap som er inndelt etter aktivitet og forretningsområde: SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS og SFE Nett AS. Morselskapet, SFE Kraft og SFE Produksjon har forretningsadresse i Gloppen kommune, medan SFE Nett er lokalisert i Flora kommune.

SFE Nett eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE si breibandsatsing er gjennom selskapet Eninvest med ein eigarskap på 42%.

SFE Naturgass vart stifta i 2003 og er eigd av SFE med 60% og Gasnor med 40%. Selskapet har bygd ut regionanlegg for mottak av naturgass (LNG) i Florø og planlegg utbygging i Høyanger, og har ansvar for distribusjon og sal av naturgass i Sogn og Fjordane fylke.

Styret har i 2004 vedteke strategiplan for SFE-konsernet. SFE sin visjon er å vere – **eit framtidsetta energikonsern i Sogn og Fjordane**. Dette vil ein oppnå ved:

- SFE er ei lønsam investering for eigarane
- Produkt og tenester medverkar til verdiskaping, vekst og utvikling i Sogn og Fjordane
- Søke utvikling gjennom utnytting av lokale ressursar og fordelar
- Gjennom strategiske allianser styrke stillinga som sjølvstendig konsern i Sogn og Fjordane, samt styrke Vestlandsalliansen (samarbeidsorgan mellom fleire energiselskap på Vestlandet) sin posisjon innanfor den nasjonale kraftnæringa
- Vere ei kompetansebedrift og den leiande aktøren innan energi og tilhøyrande infrastruktur i Sogn og Fjordane
- Ha høg kundefokus og konkurransedyktige produkt og tenester
- Vår aktivitet tek omsyn til natur og miljø

SFE konsernet fekk eit ordinært resultat etter skatt i 2004 på 95 mill. kr. Resultatet er 6 mill. kr betre enn forrige år og betre enn budsjettet. Styret vurderar resultatet, på bakgrunn av selskapet sin risikoprofil og marknadsutvikling, som tilfredsstillande.

I samband med fusjonen 01.01.03 var konsernet verdsett til 2,3 milliard kr. Avkastning på verdjustert eigenkapital er berekna til 4,1% og på bokført eigenkapital til 7,5%. Styret har fastsett framtidige resultatmål og har ambisjonar om å auke resultatet for konsernet framover.

SFE legg vekt på lokal eigarskap og langsiktig verdiskaping, og skal innanfor definert risiko gje eigarane ei konkurransedyktig avkastning gjennom stabile utbytte og verdistigning på aksjane. Det er for 2004 foreslått eit utbytte på 59 mill. kr som er 5 mill. kr høgare enn forrige år. Utbyttet tilsvarar 62% av det ordinære resultat etter skatt.

Kraftåret 2004 gav betre kraftbalanse og normal magasin-fylling på landsbasis ved slutten av året. Dette saman med rekordhøg netto import på 11,4 TWh har ført til lågare prisar i 2004 med ein gj. snitt systempris på 242 NOK/MWh mot 290 NOK/MWh for 2003.

Konsernet produserte i 2004 1348 GWh som er 69 GWh meir enn forrige år og høgare enn middelproduksjonen på 1285 GWh. Totalt har selskapet ca 23.000 sluttbruk kundar.

SFE sin sikringsstrategi for kraftporteføljen er endra i løpet av året med ein større andel av kvantum som er useld dei første åra. Grunnen til dette er forventning til fortsatt høge prisar. Selskapet har fortsatt ein låg risikoprofil for kraftporteføljen.

Pr. 31.12.04 har selskapet ei akkumulert mindreinntekt for nettområdet på 78 mill. kr. Det er styret sin intensjon å kreve inn denne mindreinntekta.

Årsrekneskap

Resultat

SFE konsernet hadde i 2004 ei omsetning på 546 mill. kr som er om lag på same nivå som i 2003. Inntektene er fordelt med 334 mill. kr frå sal av kraft, 196 mill. kr frå nettinntekter og 16 mill. kr frå andre driftsinntekter.

Skildnaden mellom årets KILE-ramme (Kvalitetsjustert inntektsramme for ikkje levert energi) og faktisk KILE er inntektsført i resultatrekneskapen med 16 mill. kr.

Driftsresultatet før avskrivningar er 192 mill. kr som er 6 mill. kr høgare enn i 2003.

Det har i 2004 vore ein stabil driftssituasjon på nett- og kraftanlegg. Forsterking av sentralnettet ved bygging av Indre Ring gir ei meir stabil straumforsyning i området. Betre leveringssikkerhet og ressursituasjon har imidlertid ført til auka innmatingskostnader for kraftproduksjonen med 12 mill. kr samanlikna med 2003.

Konsernet har langt på veg realisert dei mål for synergi og effektivisering som låg til grunn for fusjonen i 2003. Etter styret si vurdering viser SFE tilfredsstillande kostnadsutvikling, og arbeidet med kostnadseffektivisering og kostnadsreduksjonar vil fortsette.

Netto finanskostnader er på 27 mill. kr, ein reduksjon på 12 mill. kr frå forrige år. Reduksjonen skuldast fallande rentenivå samt inntektsføring av renter på akkumulert mindreinntekt i nettselskapet.

Resultatet før skatt er på 165 mill. kr, ein auke på 19 mill. kr frå 2003.

Skattekostnaden for 2004 er berekna til 71 mill. kr fordelt med 44 mill. kr i overskotsskatt og 26 mill. kr i grunnrenteskatt. Skattekostnaden viser ein auke på 13 mill. kr. Grunnrenteskatten viser ein auke på 11 mill. kr trass i fallande spotprisar i 2004. Auken skuldast at det i 2003 vart tilbakeført utsett skatt på 11 mill. kr i samband med at innslagspunktet for grunnrente vart auka. Fleire av SFE sine kraftanlegg vart derved fritekne for grunnrenteskatt.

Konsernet sitt årsresultat etter ordinær skattekostnad er 95 mill. kr som er 6 mill. kr betre enn for 2003.

Rekneskapen for 2004 er belasta med ein ekstraordinær skattekostnad på 34 mill. kr. Det er 01.01.04 balanseført ein utsett skatt fordel på 34 mill. kr som har referanse til aksjepostar som konsernet eig. Grunnlaget var skattefordel ved framtidig sal av aksjepostar. Skattelova er endra slik at gevinstar og tap som aksjeselskap har ved sal av aksjar ikkje lenger er skattepliktige. Grunnlaget for denne balanseposten er derfor ikkje lenger tilstades. Denne skattekostnaden har ikkje innverknad på den betalbare skatten for 2004.

Ordinært resultat etter ekstraordinær skattekostnad på 34 mill. kr er på 60 mill. kr.

Betre leveringstryggleik

i Sogn og Fjordane

Allereie då Vestlandske Kraftsamband på slutten av 1960-talet hadde fullført bygginga av «stamlinja» mellom Fardal i Sogn og Giskemo på Sunnmøre, var det mange som såg at dette ikkje var den «endelege løysinga» for kraftforsyninga på Nord-Vestlandet. Sjølv om den nye linja som var bygt for 132 kV, var rikeleg stor den gongen, ville ho nok ikkje dekke trongen i all framtid.

I dei fleste delar av landet var dei allereie i gong med bygging av neste generasjon kraftlinjer med spenning 300 – 400 kV og dette ville nok kome også her. Med dei store kraftutbyggingane som var under planlegging i Breheimen i indre Nordfjord, i Gaular, i Naustdal/Gjengedal m.v., ville kraft-linjer på 300 – 400 kV bli heilt naudsynt og nærast kome av seg sjølv.

Så kom 1990-åra med ny energilov og nye verneplanar der både Breheimen, Gaular og seinare også Nausta vart verna. Dette slo beina under det økonomiske grunnlaget for nye store kraftlinjer og sentrale styresmakter meinte no plutsleg at dersom området hadde trong for nye linjer, måtte dei ta kostnaden sjølv. (Tidlegare hadde storsamfunnet/fellesskapet teke kostnaden med slike store samkøyringslinjer). Med ein kostnad på 600 – 800 mill. kroner for ei 300 kV linje frå Sogn til Sunnmøre sa det seg sjølv at innbyggjarane i Sogn og Fjordane ikkje ville makte dette og vi måtte sjå på billigare løysingar.


Den generelle auken i straumforbruket og dei auka krava til leveringstryggleik gjorde etter kvart at «stamlinja» frå 1960-talet ikkje lenger sikra ei god nok kraftforsyning. I tillegg fekk vi midt på 1990-talet eit par tørrår som nærast skapte kraftkrise i området. Dette fekk styresmakterne til å reagere og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane engasjerte seg sterkt for å få til ei løysing.

Sogn og Fjordane Energi ilag med dei andre større kraftselskapa i området vart då samde med Statnett om at den beste og rimelegaste løysinga ville vere å bygge ei ny 132 kV kraftlinje frå Fardal i Sogn til Moskog i Sunnfjord.

Det vart inngått avtale om at Statnett skulle stå føre arbeidet med naudsynt utviding i Fardal samt bygging av ny linje mellom Fardal og Mel kraftverk. SFE saman med regionale selskap skulle foreta naudsynt utviding i Mel kraftverk og Skei transformatorstasjon, bygge ny linje mellom Skei og Moskog samt bygge ny transformatorstasjon i Moskog.

Statnett sin del vart kostnadsrekna til omlag	90 mill.
SFE / Firdakraft sin del til omlag	63 mill.
Sunnfjord Energi sin del til omlag	7 mill.

Arbeidet starta i 2001 med bygging av Moskog transformatorstasjon. Statnett sin del vart ferdig i oktober 2003 og siste biten, kraftlinja mellom Moskog og Skei vart sett i drift i oktober 2004, alt i samsvar med oppsett tidsplan. Totalkostnaden vart også halden innanfor oppsett kostnadsramme.



Årsresultat og disponeringar

Utbytte vert utbetalt frå morselskapet. Selskapet har eit årsover-skot på 47,7 mill. kr. Styret foreslår slik disponering av årsover-skotet:

Overført frå annan eigenkapital	÷ 11,5 mill. kr
Avsett til utbytte	59,0 mill. kr
Sum disponert	47,7 mill. kr

Selskapet sin frie eigenkapital er 62 mill. kr etter at det teke avsetning til utbytte.

Balansen

Konsernet har ein totalbalanse på 2.382 mill. kr. Den rekne-skapsmessige eigenkapitalen er på 1.259 mill. kr eller 53%.

Unytta KILE-saldo 01.01.04 er balanseført gjennom auka mindreinntekt med 27 mill. kr og med tilsvarande auke i eigen-kapitalen på 20 mill. kr etter reduksjon for skatt på 7 mill. kr.

Den langsiktige gjelda er redusert med 109 mill. kr i løpet av året. Dette skuldast innfriing av eit langsiktig lån på 65 mill. kr samt betaling av avdrag på obligasjonslån og langsiktig gjeld med til saman 44 mill. kr.

Den kortsiktige gjelda viser om lag tilsvarande auke med 114 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak opptak av eit sertifikat-lån på 85 mill. kr.

Det er i 2004 investert 92 mill. kr i konsernet og med slik fordeling:

Kraftverk	33 mill. kr
Nettanlegg	53 mill. kr
Øvrige investeringar	6 mill. kr
Sum investeringar	92 mill. kr

Investeringane i nettanlegg viser eit stabilt nivå dei siste åra. Hovudinvesteringa på kraftverk er bygging av ny veg til Øksnelvane kraftverk. Dette gir eit felles driftsområde saman med Åskåra kraftverk og gir betre utnytting av personell og felles vaktordningar. Desse anlegga står samla for vel 50% av SFE sin totalproduksjon.

Styret er ikkje kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.

Finansiell risiko

SFE er eksponert for ulike typar risiki i kraftmarknaden. For å handtere desse er strategiane for sikringshandel av kraft, krafttrading samt finans og valuta styrehandsama i 2004. Strategien for sikringshandel medfører at ein del av krafta som skal produ-serast i komande periodar er prissikra gjennom hovudsakleg fi-nansielle avtaler. Valutarisikoen vert i all hovudsak sikra gjennom terminmarknaden.

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrenteskatten og pensjonskost-nadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding, plassering av overskots-likviditet og bruk av finansielle instrument.

Likviditeten er god. SFE har ein langsiktig trekkrett på 200 mill. kr i selskapet sin hovudbank som likviditetsbuffer. Denne trekkretten var unytta ved årsskiftet.

Styret mottok fast rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling på krafthandelsområdet.

Kontantstramanalyse

Konsernet har ein positiv kontantstraum frå drifta på 129 mill. kr.

Det er ein negativ kontantstraum frå investeringsaktiviteten på 87 mill. kr som i hovudsak skuldast investeringar i anleggs-midlar med 92 mill. kr.

Finansieringsaktiviteten gir ein negativ kontantstraum på 61 mill. kr. Det er om lag balanse mellom nedbetaling av lang-siktig gjeld og auka kortsiktig gjeld. Nedgangen i kontantstraum frå finansieringsaktiviteten skuldast utbetaling av utbytte for 2003 med 54 mill. kr.

Til saman gir dette ein netto reduksjon i bankinnskot, kon-tantar og liknande med 18 mill. kr.

Fortsatt drift

Rekneskopen er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Etter styret si vurdering har konsernet ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare vekst.

Personale og arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2004 var det 188 tilsette i konsernet mot 195 tilsette i 2003. Antall årsverk er 180.

Totalt sjukefråver for året var på 3,63 % (3,4% i 2003), for-delt på 1,28 % på korttidsfråvær (1–16 dagar) og 2,34 % på langtidsfråvær. Sjukefråværet er framleis lågt samanlikna både med anna næringsliv og bransjen.

Sjukefråværet utgjør ein lønnskostnad på kr 2.609.927,- og tilsvarar 1992 arbeidsdagar.

Det har i 2004 vore 4 mindre arbeidsulukker som har med-ført personskade, men ingen av desse har ført til sjukefråvær. H2-verdien for konsernet er 5,33. (H2= antall skader med og utan fråvær i perioden)

Det er rapportert i alt 10 avvik relatert til HMS. Av desse er 5 avvik som har medført brot på sikkerhetsforskriftene. Ingen av avvika har ført til skader/sjukefråvær, og det er sett i verk tiltak for å hindre slike avvik framover.

På oppdrag frå SFE sitt arbeidsmiljøutval (AMU) vart det sommaren 2004 gjennomført ei arbeidsmiljøkartlegging. Det var 163 tilsette i SFE-konsernet som deltok i undersøkinga, ei deltaking på over 80%.

Sluttrapporten etter arbeidsmiljøkartlegginga har vore hand-sama i AMU, konsernutvalet, konsernleiargruppa og leiar-gruppene i kraft-, nett-, produksjon- og morselskapet. Alle nøk-kelpersonar innan HMS-arbeidet er gjort kjent med resultatet og dei tiltaka som vert tilrådd.

Som hovudkonklusjon seier AMU seg nøgd med resultatet som kom fram i arbeidsmiljøkartlegginga. AMU har saman med leiinga i det enkelte selskap sett opp ein handlingsplan for HMS-arbeidet i 2005. Handlingsplanen er konkretisert innan det fysiske- og det psykososiale arbeidsmiljøet samt området in-formasjon og leing.

SFE har som mål at sjukefråværet skal vere lågare enn 3,5 %. Som IA-bedrift er det etablert ordningar for oppfølging av sjukmelde for at desse snarast skal kunne vende attende til arbeidet.

Styret vil takke alle tilsette for innsatsen som gav eit tilfredstillande resultat i 2004 og den fleksibilitet og omstillingsvilje som er vist både ved etablering og i vidareutvikling av kon-sernet.

Likestilling

Konsernet hadde i 2004 slik kjønnsfordeling		
Kvinner	38	20%
Menn	150	80%
Totalt	188	100%

SFE alarm – gjer heimen din tryggare

Tilgjengeleg

Då den elektriske krafta kom til fylket vårt tidleg på 1900-talet, opna det seg nye lyse utsikter for folket her i om-rådet. Elektrisiteten og utbygginga av vasskraft vart ein motor for utviklinga i heile regionen. Vi er stolte over å ha vore sentral i denne utviklinga, men samtidig har vi stor respekt for kor avhengig vi er blitt av elektrisitet, og ikkje minst kva ei sikker tilgang på kraft gjev av tryggleik for den enkelte.

Å vere tilgjengeleg skapar tryggleik

Som ei naturleg utvikling vil SFE no tilby bustadalarm. Ei teneste basert på eigne ressursar, kunnskap og erfaring kring overvaking og beredskap. Våre eigne montørar har utdanna seg som vektarar. Det er truleg ikkje nokon andre som kjenner distriktet betre og kan gje våre kundar betre oppfølging. Samstundes har vi ein døgnbemanna driftssentral som saman med montørstyrken ute er til-gjengeleg 24 timar i døgnet.

Trygg

Gjennom fleire generasjonar har vi vore på vakt døgnet rundt for å vere ein sikker leverandør av kraft. Dette har vi klart med lokale og erfarne medarbeidarar med fokus på tryggleik og beredskap. SFE Alarm vil no saman med kunden skape tryggleik for familie, bustad og verdjar.

SFE-Alarm kan tilby produkt og tenester som er tilpassa kunden sine behov. Det er alarmtenester i høve brann og innbrot som vil vere det mest interessante i første om-gang. Våre bustadalarmar er av høg kvalitet. Med dyktige medarbeidarar og ein moderne alarmsentral vil vi raskt kunne sjå kva type alarm som er utløyst i kunden sin bu-stad, og iverksetje nødvendige tiltak.

Effektiv

Vår lange erfaring med vakt og beredskap på straumnet-tet har skapt ein kultur som er skreddarsydd for satsing på bustadalarm. Vi kjenner kvar stad, og kvar adresse i heile vårt nettområde. Dette saman med at vi har etablerte vakt-ordningar og nødvendige ressursar gjer at vi har eit godt utgangspunkt for uttrykking, og samstundes får utnytta våre ressursar optimalt.





Konsernstyret har totalt 9 medlemmer samansett av 6 aksjonærvalde og 3 valde mellom dei tilsette. Styret har 2 kvinnelege medlemmer som begge er aksjonærvalde.

Dei 3 heileigde dotterselskapa har alle 4 styremedlemmer. I desse styra er det ein kvinneleg styrerepresentant i selskapet SFE Kraft valt av dei tilsette.

SFE har som personalpolitikk at den skal stimulere til aktiv likestilling. Det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse.

Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering.

Det er tilsett kvinneleg direktør i SFE Kraft i 2005. Direktøren vil vere den første kvinna i SFE konsernleiargruppe og kvinneandelen i konsernleiinga vil etter dette vere 20%.

Ytre miljø

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureining av det ytre miljø.

Både kraftledningar og utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar.

Produksjonsselskapet prøver gjennom oppfølging av reguleringsføresegner, minstevassføring, utlegging av fiskeegg, bygging av tersklar m.v., å ta omsyn til miljøet i regulerte vassdrag.

NVE gjennomførte Natur- og miljøtilsyn i Mel kraftverk i 2003. NVE peika på nokre avvik knytt til opprydding / istandsetting og vegetasjonsetablering etter anleggsdrifta. Avvik og merknader er i stor grad handtert i 2004.

I Vetlefjordelva er det registrert 2 mindre miljøavvik når det gjeld minstevassføring på 1,48 m³/s over eit kort tidsrom (under ein time) mot kravet på 1,5 m³/s. Det er iverksett førebbyggjande tiltak for å hindre gjentakning.

I Mel Kraftverk er det investert 1,7 mill. kr for å bygge omløp forbi turbinen. Dette er gjort av miljøomsyn for å betre tilhøva for sjøaure i Vetlefjordelva.

SFE Produksjon har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg (VTA) og følgjer systematisk opp tilstanden og sikkerheita på anlegga.

Det er innført kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet.

Framtidsutsikter

Styret vil i 2005 arbeide for å vidareutvikle SFE i tråd med visjonen om å vere eit framtidretta energikonsern i Sogn og Fjordane. SFE har finansiell styrke og kompetanse til å delta i strukturelle endringar i fylket, og styret ønskjer å delta aktivt i slike prosessar.

Konsernet er sikra stabile inntekter frå nettverksemda og det er forventa at avkastning på produksjon av vasskraft vil auke framover på bakgrunn av stram kraftbalanse og auka prising av rein fornybar energi. Styret har fastsett både kortsiktige og langsiktige økonomiske mål og vil arbeide aktivt for å oppretthalde lokal eigarskap og gje eigarane konkurransedyktig avkastning.

SFE eig fallrettar som gir grunnlag for vidare kraftutbygging. Vedtak om omfattande verneplanar i fylket vil avgrense konsernet sitt utbyggingspotensiale og vil medføre endring i planar med tilpassing til endra rammevilkår. SFE er i gang med utbygging i Øksenelvaneområdet. Første fase i utbygginga vil gi ein auka produksjon på ca 40 GWh og er planlagt ferdig i 2006. Utbygginga vil gje inntekter frå el-sertifikatmarknaden.


Konsernet vil utnytte eksisterande kompetanse og kapasitet gjennom utvikling av nye forretningsområder som sikkerhet / alarm og entreprenør tenester.

Det er planlagt ein felles svensk/norsk marknad for el-sertifikat frå 01.01.07 som vil omfatte ny fornybar energi. El-sertifikat vil kunne utløyse nye utbyggingar og opprustning/fornyng av ny fornybar energi.

Fylket har store naturgitte ressursar og SFE ønskjer å vere ein aktiv deltakar, medspelar og samarbeidspart i utvikling av småkraft og vindkraft i regionen. Naturgass er eit nytt satsingsområde for SFE retta mot større næringslivskundar og det offentlege i fylket.

Selskapet har ved årsskiftet god magasinifilling. Dette saman med høge tilsig etter årsskiftet og store snømengder i fjellet gjer at selskapet, forutsett normale tilsig for resten av året, forventar eit resultat i 2005 som er på linje med årets ordinære resultat etter skatt.

Sandane 6. april 2005
I styret for Sogn og Fjordane Energi AS


Arvid Lillehaug
- styreleiar -


Birger C. Schønberg
- nestleiar -


Per Atle Kjøllesdal


Mathias Råheim


Kristin Linnerud


Bente Frøyen Steindal


Oddmund Årdal


Vidar Solvang


Odd Eide


Ole Schanke Eikum
- konsernsjef -

Naturgass

SFE Naturgass AS er eigd av Sogn og Fjordane Energi AS med 60 % og Gasnor AS med 40 %. Selskapet sitt føremål er omsetnad av naturgass. Som ein del av drifta vil selskapet bygge og drive terminalanlegg for lagring av LNG (flytande naturgass), samt leige ut lagerkapasitet for andre.

I industrien har naturgass mange bruksområder. I dag er det petrokjemisk industri som bruker mest naturgass i Noreg, og då som råstoff i produksjonen. Det er imidlertid ein aukande marknad for naturgass til energiformål, og ei vanleg løysing er å konvertere frå olje til naturgass. I privatmarknaden kan ein tilrettelegge bustaden slik at heile 75% av energibehovet kan bli dekkja av naturgass ved at ein brukar gassen til oppvarming i heile huset, til matlaging, oppvarming av vatn, peis, grill, m.m.

I mai 2004 var det første regionale lagringsanlegget for LNG i Sogn og Fjordane ferdigstilt i regi av SFE Naturgass. Anlegget er lokalisert på Ewos sitt industriområde i Florø. Gasnor AS er leigetakar i anlegget og forsyner Ewos med naturgass via terminalen.

SFE Naturgass AS har på slutten av året inngått kontrakt med Enova SF om å bygge eit regionalt terminalanlegg for LNG i Høyanger. Terminalanlegget er planlagt bygd i 2005. Ved bygging av ein regionterminal i Høyanger, vil SFE Naturgass ha ein lagerkapasitet for LNG som er stor nok til dekke selskapet sitt behov dei næraste åra.

SFE Naturgass har i løpet av året inngått ei stor langsiktig kontrakt med ei industribedrift i Høyanger om levering av naturgass. Forventa oppstart av leveransane er våren 2005.



Resultatrekneskap 2004

Konsern				Sogn og Fjordane Energi AS		
2002	2003	2004	(Tal i 1000 kr)	Note	2004	2003
Driftsinntekter:						
257.398	343.381	334.086	Sal av kraft	3, 23, 25	0	0
79.947	195.982	196.201	Sal av overføringstenester	4, 24	0	0
14.917	13.856	16.102	Andre driftsinntekter	5	35.696	37 469
352.262	553.219	546.389	SUM DRIFTSINTEKTER		35.696	37 469
Driftskostnader:						
51.577	101.415	79.804	Kjøp av kraft	3	0	0
16.320	13.224	18.216	Kjøp av overføringstenester		0	0
51.747	92.646	93.719	Løn og sos. kostn.	6, 20	19.822	18.881
÷2.919	÷14.972	÷17.209	Aktivisering av egne tilvirka driftsmiddel	6	÷ 70	0
55.446	90.245	91.949	Avskrivningar	11	3.280	2.542
17.189	19.309	19.573	Eigedomsskatt/avgifter	8	164	0
34.814	65.871	68.542	Andre driftskostnader	6,7	10.517	14.475
224.174	367.738	354.593	SUM DRIFTSKOSTNADER		33.713	35.898
128.088	185.481	191.796	DRIFTSRESULTAT		1.983	1.571
Finansielle poster:						
0	0	0	Inntekt frå investering i dotterselskap		62.000	23.000
÷291	÷1.354	÷1.400	Andel underskot frå tilknytta selskap	12	0	0
14.503	19.612	20.518	Finansinntekter	4, 9, 16	50.019	61.869
44.415	57.256	45.641	Finanskostnader	9, 23	48.271	57.974
30.203	38.998	26.523	NETTO FINANSKOSTNADER		÷63.748	÷26.895
97.885	146.483	165.273	RESULTAT FØR SKATT		65.732	28.466
30.523	42.328	44.367	Overskotsskatt	2, 10	18.073	7.854
8.905	15.677	26.178	Grunnrenteskatt	10		0
39.428	58.005	70.545	SUM SKATTEKOSTNAD		18.073	7.854
58.457	88.478	94.727	RESULTAT ETTER SKATT		47.658	20.612
0	0	34.307	Ekstraordinær skattekostnad	10	0	0
58.457	88.478	60.420	ÅRSRESULTAT		47.658	20.612
÷19	÷73	÷314	Av dette minoritetsandel			
58.476	88.551	60.734	Av dette SFE sin andel			
Overføringer:						
			Overført frå annan egenkapital	18	÷11.510	÷33 380
			Foreslege utbytte	18	59.169	53 992
			SUM OVERFØRINGAR		47.658	20 612


Balanse 31.12. 2004

Konsern		Sogn og Fjordane Energi AS			
31.12.03	31.12.04	(Tal i 1000 kr)	Note	31.12.04	31.12.03
EIGNELUTAR					
Anleggsmidler:					
Immaterielle eiernelutar:					
0	0	Utsett skattefordel alminneleg inntekt	2, 10	852	1.052
92.865	92.865	Fallrettar	11	0	0
228.548	218.695	Andre rettar	11	0	0
61.816	55.832	Goodwill	11	0	0
383.229	367.392	Sum immaterielle eiernelutar		852	1.052
Varige driftsmidler:					
40.917	54.886	Div. anleggsaktiva	11	8.576	8.401
954.170	951.550	Kraftstasjonar	11, 25	0	0
472.220	528.951	Nettanlegg	11, 24	0	0
96.835	86.358	Faste eigedomar	11	47.552	48.303
69.065	19.940	Prosjekt under arbeid	11	478	475
1.633.207	1.641.685	Sum varige driftsmidler		56.606	57.179
Finansielle anleggsmidler:					
0	0	Investering i dotterselskap	12	1.230.787	1.230.461
12.004	11.496	Investering i tilknytta selskap	12	9.782	7.718
0	0	Lån til selskap i same konsern	14	714.714	662.000
3.015	3.010	Investeringar i aksjar og andelar	12	2.529	2.505
37.785	35.718	Utlån/langsiktige fordringar	6, 13	127	2
52.804	50.224	Sum finansielle anleggsmidler		1.957.939	1.902.686
2.069.240	2.059.301	Sum anleggsmidler		2.015.397	1.960.917
Omlaupsmidler:					
6.998	5.962	Behaldning av driftsmateriell		0	0
Fordringar:					
105.741	169.584	Kundefordringar	14	862	1.031
99.415	99.152	Andre kortsiktige krav	2, 4, 14, 15	114.953	75.541
205.156	268.736	Sum fordringar		115.815	76.572
49.408	39.561	Marknadsbaserte obligasjonar etc.	16, 23	39.561	49.408
26.672	8.291	Kasse, bank etc.	17	721	9.361
288.234	322.550	Sum omlaupsmidler		156.097	135.341
2.357.474	2.381.851	SUM EIGNELUTAR		2.171.494	2.096.258

Gjeld og egenkapital

Konsern		Sogn og Fjordane Energi AS			
Balanse 31.12.03	Balanse 31.12.04	GJELD OG EIGENKAPITAL (Tal i 1000 kr)		Balanse 31.12.04	Balanse 31.12.03
Eigenkapital:					
Innskoten eigenkapital					
739.611	739.611	Aksjekapital	18, 19	739.611	739.611
359.588	359.588	Overkursfond	18	359.588	359.588
1.099.199	1.099.199	Sum innskoten eigenkapital		1.099.199	1.099.199
Opptent eigenkapital					
153.423	154.987	Annan eigenkapital	2, 18	63.528	75.038
3.379	4.580	Minoritetsinteresser	18	0	0
156.802	159.567	Sum opptent eigenkapital		63.528	75.038
1.236.128	1.258.766	Sum eigenkapital		1.162.727	1.174.237
Gjeld:					
Avsetning for forpliktingar:					
25.663	24.699	Pensjonsforplikting	20	4.792	5.068
75.197	94.081	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	10	0	0
9.251	10.108	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	10	0	0
51.622	49.453	Avsetning for forpliktingar	21	0	0
161.733	178.341	Sum forpliktingar		4.792	5.068
Langsiktig gjeld:					
616.071	508.774	Obligasjonslån		508.774	616.071
0	0	Gjeld til selskap i same konsern		145.000	120.000
21.450	19.800	Gjeld til kredittinstitusjonar		19.800	21.450
637.521	528.574	Sum langsiktig gjeld		673.574	757.521
Kortsiktig gjeld:					
0	85.000	Sertifikatlån		85.000	0
25.178	41.401	Kassakreditt	22	128.500	0
32.905	29.209	Leverandørgjeld	14	2.158	3.555
63.191	85.199	Betalbar skatt	10	18.132	7.343
42.872	47.982	Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc.		22.556	17.065
53.992	59.169	Avsett til utbytte	18	59.169	53.992
84.081	68.210	Anna kortsiktig gjeld	14	14.886	77.477
302.219	416.210	Sum kortsiktig gjeld		330.401	159.432
1.101.473	1.123.085	Sum gjeld		1.008.767	922.021
2.357.474	2.381.851	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		2.171.494	2.096.258

Sandane 6. april 2005


Arvid Lillehaug
- styreleiar -


Birger C. Schönberg
- nestleiar -


Mathias Råheim


Bente Frøyen Steindal


Kristin Linnerud


Per Atle Kjøllesdal


Oddmund Årdal


Vidar Solvang


Odd Eide


Ole Schanke Eikum
- konsernsjef -

Kontantstrømanalyse

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS		
2002	2003	2004		2004	2003
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar:			(Tal i 1000 kr)		
97.885	146.484	165.273	Ordinært resultat før skattekostnad	65.732	28.466
÷28.653	÷34.042	÷63.901	Betalte skattar i perioden	÷7.080	0
55.446	90.244	91.949	Avskrivningar	3.280	2.542
170	0	0	Nedskrivning av aksjar	0	0
÷1.077	÷264	2.258	Gevinst(÷)/Tap(+) ved sal av driftsmidler	0	79
291	1.354	1.400	Kostnad frå investering i tilknytt selskap utan kontanteffekt	0	0
139	455	1.036	Endring i varelager	0	0
10.098	16.156	÷63.843	Endring i kundefordringar	169	÷1.031
24.433	÷45.453	÷3.696	Endring i leverandørgjeld	÷1.397	3.555
÷25.689	92.895	9.847	Endring i kortsiktige finansplasseringar	9.845	÷49.408
÷493	÷6.683	÷964	Endring i pensjonsforpliktingar	÷276	÷2.165
86.718	÷1.664	÷10.354	Endring i andre tidsavgrensingspostar	÷119.512	243.124
219.267	259.482	129.005	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	÷49.239	225.162
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:					
÷22.823	÷83.110	÷91.894	Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	÷2.707	÷31.736
6.830	1.124	6.850	Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	0	170
0	0	24	Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	0	0
0	0	0	Innbetaling ved avvikling av dotterselskap	50	0
÷275	÷9.491	÷67	Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	÷2.466	÷13.018
0	0	÷1.289	Utbetalningar ved andre investeringar	0	0
÷73.583	12	÷125	Utbetaling ved utlån	÷100.125	0
0	0	0	Innbetaling av avdrag frå døtrer	47.286	0
÷89.851	÷91.465	÷86.501	Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	÷57.962	÷44.584
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:					
50.000	0	0	Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	25.000	0
÷91.979	÷152.952	÷108.947	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	÷108.947	÷151.782
0	5.196	÷768	Kontantbeholdning innfusjonert	0	0
0	7.614	101.223	Innbetaling ved auke av kortsiktig gjeld	213.500	0
0	37.907	1.599	Innbetaling av eigenkapital	0	34.547
0	0	0	Mottak av konsernbidrag	23.000	0
÷17.380	÷130.483	÷53.992	Utbetaling av utbytte	÷53.992	÷53.992
÷59.359	÷232.718	÷60.885	Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	÷98.561	÷171.227
70.058	÷64.701	÷18.381	Netto endring i kontantar og ekvivalentar	÷8.640	9.351
21.315	91.373	26.672	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	9.361	10
91.373	26.672	8.291	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	721	9.361

Notar til rekneskapen 2004

1. REKNESKAPSPRINSIPP

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) sin rekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapskikk.

Grunnleggande forhold

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigarandelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmande påverknad er konsolidert. Minoriteten sin andel av resultatet er etter skatt er presentert på eiga line. Felleskontrollerte verksemdar er presentert etter bruttometoden. Tilknytt selskap der konsernet har strategisk interesse og betydeleg påverknad og eigarandel på 20–50% er vurdert etter eigenkapitalmetoden. Eigarandelar som er definert som finansielle investeringar er vurdert etter kostmetoden uansett eigarandelen sin storleik.

Årsrekneskapen for SFE konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstrømpstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi og dotterselskapa SFE Nett, SFE Kraft, SFE Produksjon, SFE Naturgass og Firdakraft. Selskapet Firdakraft eig 30% av aksjane i Fossheim Energiverk medan selskapet Eninvest er eigd 42% av Sogn og Fjordane Energi.

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapa eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdier av aksjane i dotterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapa er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eigedelane i dotterselskapa og vert avskrive planmessig. Meirverdi utover den som er fordelt til dei ulike eigedelane er aktivert som goodwill.

Rekneskapslova § 5–8 seier at ein del finansielle instrument og varederivat skal vurderast til verkeleg verdi. For SFE betyr dette at finansielle kraftkontraktar handla på Nord Pool som inngår i tradingportefølje er vurdert til verkeleg verdi. Det same gjeld finansielle omløpsmiddel som obligasjonar og sertifikat. Derimot er finansielle kraftkontraktar og rentederivat som inngår i ei sikringsportefølje ikkje vurdert til verkeleg verdi, men underlagt sikringsbokføring.

SFE har børsnoterte obligasjonar og vil bli pålagde å rapportere etter IFRS frå 01.01.2007. IFRS vil få konsekvensar for forhold knytt til sikringsvurderingar. Det er påstarta eit arbeid med å kartlegge konsekvensane av IFRS og krav til interne prosedyrer.

SFE omset ein stor del av sin kraftproduksjon på Nord Pool. Kontraktar som går frå 2006 og seinare vert omsett i euro. Også spot-handelen på Nord Pool vil bli i euro fom 2006. SFE har etter 31.12.04 inngått nokre kontraktar i euro på Nord Pool. Det er utarbeidd valutastrategi som skal sikre handtering av valutarisiko. Denne strategien tilseier at det meste av valutarisiko knytt til inngåtte kontraktar skal sikrast.

PRINSIPP FOR INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstillt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter.

Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto som anna driftsinntekt.

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagte obligasjonslån. Som sikringsinstrument på låneportefølja nyttar SFE derivat som swap-avtaler, renteopsjonar og F.R.A.-kontraktar. Effekten av derivata vert rekneskapsført parallelt med dei underliggende låna.

Nettverksemda vert regulert av styresmaktene ved at Noregs Vassdrags og Energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Inntektsramma skal gje dekning for netteigars faktiske kostnader samt gje grunnlag for ei rimeleg avkasting på investert kapital.

NVE fastsette i 2002 inngongsverdiar for årlege inntektsrammer for reguleringsperioden 2002–2006. Dei årlege inntektsrammene er i tillegg gjevne ved kraftpris, rentenivå, generell prisstigning og ved eit effektiviseringskrav som for SFE Nett er på 0,96%. Kvart år vert avviket mellom faktiske tariffinntekter og tilleten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane. Akumulert meir-/mindreinntekt vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt skjer gjennom justering av nettariffane.

Styresmaktene innførte i 2001 ei ordning med kvalitetsjustering av tilleten inntekt for nettdrifta (KILE). SFE Nett AS vert tildelt ei årleg KILE-ramme. Kraft som ikkje kjem fram ved feilsituasjonar blir verdsett etter ein samfunnsøkonomisk pris. Er kostnaden med feil og avbrot større enn KILE-ramma vil avviket medføre ein inntektsreduksjon for selskapet. Motsvarande situasjon vil gje auka inntekter for selskapet. SFE Nett har i 2004 ført ei akumulert KILE-inntekt på 27,6 mill opp som fordring i balansen og ført eit tilsvarande beløp mot eigenkapital og utsett skatt. Avviket mellom innvilga KILE-ramme og faktiske kostnader med feil og avbrot for 2004 er resultatført.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASIFISERING AV BALANSEPOSTAR

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigående. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omløpsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi. Unntak frå dette er finansielle omløpsmiddel som inngår i ei handelsportefølje.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Postar som er av uvanleg karakter og av ein slik art at dei ikkje inntreffer ofte eller regelmessig, vert klassifiserte som ekstraordinære dersom dei beløpsmessig er vesentlege for selskapet.

IMMATERIELLE EIGEDELAR

Det er aktivert goodwill som er knytt til verdi av kundemasse som kom inn gjennom fusjonen mellom Ytre Fjordane Kraftlag og Sogn og Fjordane Energi 01.01.03. Ut frå stabiliteten i kundemassa vil desse verdiane bli avskrivne lineært over 10 år. Dette er også i samsvar med perioden som er lagt til grunn ved verdisettinga av selskapa.

Det er også aktivert goodwill knytt til tidlegare oppkjøp. Denne goodwillen er knytt til synergjar ved drifting av selskapa samla. Dette er drifting av kraft- og nettanlegg med lang levetid. Goodwillen knytt til dette oppkjøpet vert derfor avskrive over 15 år frå oppkjøpstidspunktet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL OG AVSKRIVINGAR

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivningar, medan det for større investeringar vert starta avskrivningar den månaden driftsmiddelet vert teke i bruk. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar som går over lengre tid, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Motteke anleggsbidrag går til frådrag i kostpris på driftsmiddelet. Vedlikehaldsutgifter vert kostnadsførte når utgifta vert betalt.

BEHALDNING AV DRIFTSMATERIELL

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepreis frå leverandør. I rekneskapet er det avsett for ukurans.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

PENJONAR

SFE følg GRS om pensjonskostnader. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Estimataavvik og verknaden av endra føresetnader vert amortisert over forventa gjenværande oppteningstid i den grad den overstig 10 % av det største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Verknaden av endringar i pensjonsplan vert fordelt over gjenværande oppteningstid. Arbeidsgjeveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

GODTGJERSLER

SFE utbetaler godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskreve over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

ANDEL I ANDRE KRAFTVERK

SFE eig ein andel i Leirdøla kraftverk på 35%. Leirdøla inngår i SFE sin rekneskap etter bruttometoden. Avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Sal av kraft frå Leirdøla er inkludert i posten sal av kraft, og driftskostnader for SFE sin andel er inkludert i posten andre driftskostnader. Grunnrente- og naturressursskatten for Leirdøla vert utlikna på SFE si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

LEIGDE KRAFTVERK

SFE leiger tre kraftverk med Gloppen kommune. Leigekontrakta går over 20 år frå 01.01.95. SFE har betalt ei forskotsleige på 65 millionar kroner. Denne forskotsleiga er ført i balansen som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigebeløpet vert årleg kostnadsført. Reinvesteringar vert aktivert i balansen som avskrivbare anleggsmiddel i samsvar med leigekontrakta med Gloppen kommune.

KONSESJONSKRAFT

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft frå enkelte kraftverk i fylket. SFE handterer konsesjonskrafta på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune for fylket si rekning og risiko. Avtala mellom SFE og fylkeskommunen har ein slik oppseiingsklausul at SFE ikkje har risiko knytt til kvantum SFE har prissikra for fylkeskommunen. Inntekter og kostnader knytt til konsesjonskrafta er såleis rekneskapsført hos Sogn og Fjordane fylkeskommune og ligg ikkje inne i SFE sitt resultatrekneskap. Resultatet frå konsesjonskrafta er berekna i medhald av forskrift gjeve til skattelova § 2–5 og vert slik skattefri for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

MAGASINFYLLING

I samsvar med tilråding frå Energibedriftenes Landsforening (EBL) vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

KRAFTKONTRAKTER

Alle kjøps- og salskontrakter blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftkontraktene er delt inn i tre porteføljer. Ei produksjonsportefølje, ei tradingportefølje og ei sluttbrukportefølje. Kvar portefølje vert vurdert for seg med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontrakter med tilsvarende volum og samanfallande leveringsperiodar.

Produksjonsportefølja inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontrakter som er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontrakter. Også sals- og kjøpsopsjonar inngår i produksjonsportefølja. For kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering for neste år vert same sesong samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. For kraftkontrakter med levering seinare enn neste år vert same år samanstillt og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

SFE Kraft handlar finansielle instrument, primært på Nord Pool, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljene. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på Nord Pool. Det vert også handla forwards og opsjonar bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggende produktet, med unntak av opsjonar for året 2005 og vinter 1 2005 som på balansetidspunktet var verdilause. Opsjonane som hadde innløyning i desember 2004, men som på dette tidspunktet var verdilause er kostnadsført i samsvar med lågaste verdis prinsipp.

Sluttbrukportefølja inneheld alle kontrakter ut til sluttkundar og prissikringa som er gjort av desse kontraktene. Denne prissikringa er i stor grad gjort inn mot eiga produksjonsportefølje. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført.

Resultat av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Tradingportefølja inneheld alle sals- og kjøpskontrakter som ikkje er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert inntektsført.

FINANSIELLE OMLAUPSMIDDEL SOM INNGÅR I HANDESPORTEFØLJE

SFE har ei handelsportefølje med verdipapir som sertifikat, obligasjonar og grunnfondsbevis. Denne handelsportefølja er i balansen vurdert til verkeleg verdi.

PRINSIPP FOR KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

AKSJAR I DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

Investeringar i dotterselskap er i selskapsrekneskapen vurdert etter kostmetoden. I konsernrekneskapen er dotterselskap og tilknytt selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

SKATTAR

SFE betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt.

Overskotsskatt

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdjar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

Grunnrenteskatt

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følge av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forplikting er det brukt effektiv skattesats. Utsett skatt fordel/forplikting på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraftverk.

Ved utrekning av effektiv grunnrenteskattesats for SFE sine kraftverk har vi estimert inntekter og kostnader over kraftverka si levetid. Denne levetida er sett til 67 år frå kraftverka var nye. For inntekter har vi teke utgangspunkt i middelproduksjon og noterte prisar på Nord Pool for den tidshorizonten der slike finst. For perioden etter har vi brukt prognoseprisar. For kostnader er det teke utgangspunkt i dagens kostnadsnivå og framskrive dette. Reinvestering i perioden er handsama som driftskostnad for å få ein skattemessig verdi på kraftstasjonane ved utgangen av berekningsperioden som er tilnærma 0.

Naturressursskatt

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdsett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjør inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad



Arbeidslaget i Ålfoten.

2. ENDRING AV REKNESKAPSPRINSIPP

Med verknad frå 01.01.04 innførte SFE nytt rekneskapsprinsipp for inntektsføring av kvalitetsjustering av tilleten inntekt for nettdrifta (KILE). Vi legg no til grunn at inntekta er opptent det året selskapet er tildelt KILE-ramma. Vi inntektsfører skilnaden mellom tildelt KILE ramme og kostnaden med faktiske avbrot. Tidligere har inntektsføringa av KILE vore basert på vurderingar av varige forbedringar i nettet samanlikna med grunnlaget for KILE-ramma. Verknaden av nytt prinsipp på eigenkapital og resultat for 2004 er vist nedanfor:

Beløp i 1000 kr	Eigenkapital 01.01.04	Resultat 2004	Eigenkapital 01.01.03
Løpande inntektsføring KILE	19.873	15.885	10.211
Utsett skatt	7.728		3.971
Sum	27.601	15.885	14.182

3. KRAFTPRODUKSJON, KRAFTSAL OG KRAFTKJØP

Kraftproduksjon 2004:

	Konsern 2004	Konsern 2003
Årets produksjon	1.348 GWh	1.279 GWh
Midlare årsproduksjon	1.285 GWh	1.285 GWh

Produksjonstala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

Midlare årsproduksjon er simulert etter tilsigsserien 1971–2000.

	31.12.04	31.12.03	31.12.02	31.12.01	31.12.00
Magasinbeholdning (GWh)	425	409	325	391	379
Andel av magasinkapasitet	70%	67%	53%	64%	64%

Magasintala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

Kraftsal og kraftkjøp:

Vurderingar som er gjort 31.12.04 viste at det ikkje ligg urealiserte tap i sikrings- eller sluttbrukportefølja som skulle tilseie plikt til å gjennomføre tapsavsetningar.

I tradingportefølja er det pr 31.12.04 eit urealisert tap på kr 1.764.000. Dette er kostnadsført i 2004.

4. NETTDRIFT, MEIR-/MINDREINNTTEKT, AVKASTING OG AVSETNING

Beløp i 1000 kr	Mindreinntekt	Kile inntekt	Sum mindre-inntekt nettleige
Saldo 31.12.03	33.891	9.009	42.900
Rentesaldo	2.919	296	3.215
Balanseført inkl. renter pr 31.12.03	36.810	9.305	46.115
Bokføring akk. Kile-inntekt 01.01.04		26.060	26.060
Bokføring renter akk. Kile-inntekt 01.01.04		1.541	1.541
Balanseført inkl. renter pr. 01.01.04	36.810	36.906	73.716
÷ korrigerert mindreinntekt 2003	÷5		÷5
÷ korrigering renter meirinntekt 2003	340		340
= Utestående mindreinntekt frå tidl. år	37.145	36.906	74.051
÷ Endring mindreinntekt i 2004	÷15.162	15.885	723
÷ Renteavsetning av mindreinntekt	1.337	1.948	3.285
= Sum rekneskapsført 31.12.04	23.320	57.739	78.059

Segmentinformasjon nettdrift

Beløp i 1000 kr

• Nettinntektsgrunnlag for 2004	178.862
• Inntektsramme	163.700
• Meirinntekt i 2004	15.162

• Inntektsramme Kile for 2004	20.602
• Kostnad med avbrot i 2004	4.717
• Inntektsføring Kile i 2004	15.885

• Driftsresultat nettdrift	46.158
• +Korr. meiravskrivning utanom inntektsramme	3.952
• Driftsresultat nettdrift etter inntektsramme	50.110

• Grunnlag for kapitalavkastning	541.160
• Avkastning i %	9,26%

Styresmaktene sette 6,53 % som normal nett-avkastning for 2004.

5. ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Mor

Beløp i 1000 kr	2004	2003
Husleigeinntekter	1.474	1.680
Driftsinntekter	1.940	1.101
Sal av tenester konserninternt	32.282	34.688
Sum driftsinntekter	35.696	37.469

6. LØNSKOSTNADER, ANTALL TILSETTE, GODTGJERINGAR M.M

Beløp i 1000 kr	Mor		Konsern		
	2004	2003	2004	2003	2002
Løn	13.231	13.097	71.823	70.169	40.040
Arbeidsgjevaravgift	1.924	1.800	10.715	9.322	5.109
Pensjonskostnader	1.513	÷27	7.344	4.301	5.461
Andre ytingar	3.154	4.011	3.837	8.854	1.137
Sum brutto lønskostnader	19.822	18.881	93.719	92.646	51.747
Aktivering av egne tilverka driftsmiddel	÷70	0	÷17.209	÷14.972	÷2.919
Sum	19.752	18.881	76.510	77.674	48.828

Gjennomsnittleg antall tilsette	36	38	188	199	110
Antall menn	20	21	150	162	89
Antall kvinner	16	18	38	38	21

Ytingar til leiande personar:

Beløp i 1000 kr	Adm.dir	Styre
Løn	863	567
Pensjonsutgifter	156	0
Anna godtgjering	75	
Sum	1.094	567

Overfor styreleiar forelegg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Adm.dir har ikkje særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Adm.dir er tilsett på fastløn og har ikkje avtale om bonus. Pensjonsvilkåra er på lik line med andre tilsette.

Kostnader til revisor:	Mor		Konsern		
	2004	2003	2004	2003	2002
<i>Beløp i 1000 kr</i>					
Revisjonshonorar	25	249	332	537	309
Andre tenester frå revisor	55	312	60	352	
Tenester frå samarbeidande selskap	291	2.015	291	2.015	7
Sum	371	2.576	683	2.904	316

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte Statsautoriserte Revisorer AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester.

Lån og garantiar til fordel for :

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Lån	Garantiar
	Tilsette i SFE-konsernet	1.336
Adm.dir, aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0
Nærstående til aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0

Lån tilsette har løpetid utover 1 år.

7. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Kostnader til revisor:	Mor		Konsern		
	2004	2003	2004	2003	2002
<i>Beløp i 1000 kr</i>					
Reparasjonar og vedlikehald	2.296	3.321	29.453	19.226	11.474
Forsikringar	158	108	2.222	1.941	1.232
Leigekostnader	481	641	5.636	4.350	4.834
